

Høyringsuttale frå Naturvernforbundet Hordaland på Nasjonal plan for restaurering av våtmark - høring av mulige restaureringslokaliteter

Naturvernforbundet Hordaland har i mange år arbeida for å ta vare på naturverdiane i Haukåsvassdraget. Vi meiner dette er eit verdifullt område som bør inkluderast i den endelege planen for restaurering av våtmark.

Haukåsvassdraget er rikt på biologisk mangfald. Spesielt viktig er det å ta vare på den raudlista elvemuslingen som er funnen i vassdraget. Elvemuslingen er ein spesiell ansvarsart for Noreg, ettersom halvparten av alle elvemuslingindivid ligg innanfor Noregs grenser. Ein studie utført av Rådgivende biologer viste at det ved utgangen av 2010 fantes levande elvemusling i 11 vassdrag i Hordland fylke. Bestanden av elvemusling i Haukåselva besto i all hovudsak av eldre individ og rekrutteringa var ikkje tilstrekkeleg til å oppretthalde bestanden. Rapporten konkluderte med at utan ei auke i rekrutteringa vil bestanden av elvemusling vere tapt i løpet av dei neste tiåra. Det er no satt i gong eit prosjekt med oppdrett av elvemusling frå vassdraget. Når muslingane skal settast ut igjen må den økologiske tilstanden i vassdraget vere god nok til at elvemuslingen kan leve og formeire seg i vassdraget. Dette krever eit omfattande restaureringsarbeid.

Haukås er også den viktigaste vipelokaliteten i Bergen. Dei siste åra har det hekkar rundt 10 - 15 par på Haukås. Vipa er ein raudlista art som har opplevd ein kraftig nedgang i heile landet dei seinare åra. Telling gjennomført av lokallaget i Norsk ornitologisk foreining denne våren viste urovekkande få vipar i Hordaland. Det er derfor ekstra viktig å ta vare på, og om mogleg utvide, dei eksisterande hekkelokalitetane. Raudstilk og enkeltbekkasin er også påvist hekkande i Haukåsvassdraget. Området har ein viktig funksjon under trekk, og kan tiltrekke seg store flokkar med vade- og andefugl, spesielt i flomperiodar om hausten. Årlig blir det registret Grågjess som rastar her. I tillegg er mellom anna kvartbekkasin, hvitkinngås, kortnebbgås og sædgås registret under trekk. Gjennom ein restaurering vil det vere mogleg å tilrettelegge området for eit endå rikare fugleliv, samtidig som ein kan tilrettelegge for skånsam bruk av delar av området til friluftslivsformål. Erfaringsmessig veit vi at dyr og fuglar kan venne seg til ferdsel som følgjer bestemte mønster i tid og rom. Ein sti vil konsentrere og kanalisere ferdsel, særleg fordi det er fuktig og tilvokst myr over lange strekningar. Det er derfor grunn til å tro at ein god sti vil fungere godt – og kanskje redusere tilfeldig trakk i sårbare parti. Ein godt fungerande sti kan på den måten redusere presset på utsette artar.

Det er også fleire viktige kulturminner i området som bør takast vare på, blant anna knytt til den tidlegare arbeidsgarden Haukås Gård og feriekolonien på Hylkje, stemmen og røyrgata på Hylkje etter det gamle kraftverket, og gamle murar etter uteløer og gamle ferdsleveggar.

Haukås skole brukar vassdraget aktivt i undervisninga. Dei har adoptert vassdraget i eit samarbeid med bergen kommune, og har blant anna starta eit eige elvemuslingsprosjekt. Delar av området er godt eigna for friluftsliv, og campingplassen ved travparken kan bli eit godt utgangspunkt for turar langs vassdraget og elles i området.

Hausten 2002 gjennomførte Bergen kommune ein spørjeundersøking om natur- og kulturverdiar i Haukåsvassdraget. Saman med Åsane historielag utarbeida Naturvernforbundet Hordaland ein rapport som oppsummerte resultatane av denne undersøkinga. Spørjeskjemaet blei sendt til 400 husstandar langs vassdraget, som strekker seg frå Haukåsvatnet gjennom Haukåsmyrane og nordover til utløpet i Hylkjevågen. Spørjeundersøkinga viste at det var stor interesse blant lokalbefolkningen for å laga ein lokalt tilpassa arealplan med tilrettelagde natur- og kulturstigar. Det var og stemning for å oppretta ein venneforening eller interesseorganisasjon for friluftsliv i Haukås-området, og om lag halvparten av dei som svarte, var villig til å delta med dugnadsarbeid. Det var og interesse for tiltak for å få opp bestanden av laksefisk og ål i vassdraget. Rapporten frå 2003 konkluderer med at det bør utviklast eit regionalt kompetansesenter for vassdrag i tilknytning til Haukåsvassdraget, fordi det framleis har natur- og kulturverdiar av både nasjonal og regional verdi trass i at mykje er nedbygd.

Ein stor del av våtmarksområdet på Haukåsmyrane aust for motorvegen, mot Brurås, er alt øydelagt på grunn av utbygging, noko som i sin tur har ført til forsøpling og forureining, her kan nemnast travparken og motorcrossbanen på Brurås, og industri i tilknytning til dette, private septiktankar, forureining frå Haukås Gård og pumpestasjonen i Breisteinvegen. Mellom elva og motorvegen er det eit stort kjøpesenter (Coop) under utbygging, og på nordre Brurås er det industriutbygging. Vassdraget går her i ein trang korridor mellom travparken og kjøpesenteret, og er lagt i røyr under deler av kjøpesenteret og under ein campingplass like ved travparken.

Mykje av verneverdiane er difor alt øydelagt, men delar av landskapet rundt vassdraget, særleg dei øvre og nedre delane, er framleis meir eller mindre intakt, og dersom området kjem med i restaureringsprosjektet kan ein del av dei tidlegare naturverdiane bringast tilbake. Den foreslegne våtmarksparken kan vere ein viss kompensasjon for nokre av dei mange våtmarksbiotopane som har gått tapt andre stadar i Åsane.

Naturvernforbundet Hordaland ser med glede på at Bergen kommune no tar initiativ til ei positiv utvikling i Åsane, og håpar kommunen gjennom dette restaureringsprosjektet får den hjelpa dei treng for å gjera noko positivt for naturen og friluftslivet, og for dei mange som bur langs Haukåsvassdraget.

Referanser:

Steinar Kålås 2012, *Rapport: Status for bestandar av elvemusling i Hordaland 2010*.
<http://www.radgivende-biologer.no/uploads/Rapporter/1494.pdf>

Bergen kommune, Åsane historielag og Naturvernforbundet Hordaland 2003, *Natur- og kulturverdier i Haukåsvassdraget*
<http://naturvernforbundet.no/getfile.php/Fylkeslag%20-%20Hordaland/Rapporter%20o.l./H%C3%A5p%20for%20Hauk%C3%A5s-perlene.pdf>

Fana 13.9.2012

Oddvar Skre, Naturvernforbundet Hordaland